

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 13.11.2019

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Punkt 2

Dei økonomiske midlane fylkeskommunen får tilført bør differensierast utifra geografi, storleik og innbyggjartal.»

### Avrøyting

Fylkesordførar la innstilling frå hovudutval for opplæring og kompetanse til grunn.

Innstillinga med Gadolin sitt forslag vart samråystes vedteken.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar forslag til endring i opplæringslova om fylkeskommunal plikt til å tilby karriererettleiing til befolkninga
2. Vestland fylkeskommune er kritisk til at dei økonomiske konsekvensane om fylkeskommunal plikt til å tilby karriererettleiing til befolkninga ikkje er godt nok undersøkt. Dei økonomiske midlane fylkeskommunen får tilført bør differensierast utifra geografi, storleik og innbyggjartal.
3. Vestland fylkeskommune meiner § 13-3e andre ledd må endrast slik at det vert gjensidig plikt til samarbeid mellom fylkeskommune og Arbeids- og velferdsetaten.
4. Vestland fylkeskommune leverer høyringsfråsegn slik det kjem fram i saksutgreiinga.